

---

Dokumentnamn	: Generelle betingelsar ved oppdrag	Dok.ID	: OSADM 020
		Rev.nr.	: 001
Revidert av	: Sølvi Sande	Rev. dato	: 02052024
Godkjent av	: Ingunn Loen Sunde	Side	1 av 4

---

## 1. GJENNOMFØRING AV OPPDRAGET

### 1.1. Arbeidsprogram

Oppdraget gjennomførast i henhold til kontrakt, tilbud eller annan skriftleg avtale. Ved konflikt mellom SunnLab sine generelle vilkår for levering og individuelt avtalte vilkår, vil individuelle avtaler gå forran. Dersom det føreligger særskilt avtale mellom partane om dette, er oppdragsgivar forplikta til å nytte SunnLab som føretrekt leverandør.

### 1.2. Oppdragsgjennomføringa

Dersom det ikkje føreligg avtale om noko anna, blir oppdrag gjennomført i henhold til gjeldande anerkjente standardar og normer i bransjen.

### 1.3. Lagring av mottatt prøvemateriale

Dersom ikkje annet er avtalt, blir prøvingsmateriale lagra i normal i 4 veker frå rapporteringsdato dersom materialet er egna for lagring. For å sikre lagring og evt. avtale lengre lagringstid må kunden ta kontakt

### 1.4. Transport

SunnLab svarer ikkje for skader på produkt/leveranse/prøve som oppstår under transport. Det er kundens ansvar å melde ifrå dersom prøvene potensielt inneheld brann-, miljø- og eller helsefarlege stoff og merker transporten med nødvendig faremerking.

### 1.5. Retur av mottatt prøvemateriale

Ved avtale om retur eller dersom det er behov for særskilt destruksjon av prøvematerialet bærer kunden kostnadene for dette.

### 1.6. Endringar og avbestilling

Oppdragsgivar har rett til å krevje kvalitative og kvantitative endringar av Oppdraget eller endringar i framdriftsplanar. Endringar som påverkar gjennomføringa av Oppdraget må avklarast med Oppdragstakar. Alle endringar skal være skriftleg avtalt på førehand før iverksetjing. Skriftleg førehandsvarsel kan gis via sms og e-post. Oppdragsgivar har rett til å avbestille oppdrag. Ved avbestilling plikter oppdragsgivar å betale for allereie utført arbeid og utlegg SunnLab har hatt i samband med oppdraget.

## 2. VEDERLAG OG BETALING

Oppdrag skal betalast i henhold til avtale. Dersom særskilt avtale om pris ikkje er inngått, gjelder priser og arbeid i henhold til den til ein kvar tid gjeldande prisliste for SunnLab. SunnLab føreheld seg retten til å justere gjeldande prisliste årleg. Meirverdiavgift kommer i tillegg.

Med mindre annet skriftleg avtales, er betalingsbetingelsar netto pr. 14 dagar frå fakturadato.

Dokumentnamn	: Generelle betingelsar ved oppdrag	Dok.ID	: OSADM 020
		Rev.nr.	: 001
Revidert av	: Sølvi Sande	Rev. dato	: 02052024
Godkjent av	: Ingunn Loen Sunde	Side	2 av 4

Etter forfall blir rente bli belasta i henhold til den gjeldande morarente etter lov om renter ved forsinka betaling 1976.12.17 nr. 100. Administrasjonskostnader og eventuelle miljøkostnader vil bli lagt, som til gjeldande satsar dersom ikkje annet er særskilt avtalt.

### 3. UNDERLEVERANDØRER

SunnLab kan bruke underleverandørar dersom laboratoriet ikkje kan utføre analysen sjølv. Dersom det er avtalt analyser som SunnLab skal utføre og det skjer uforutsette hendingar, for eksempel feil på eige utstyr, vil oppdragsgjevar bli skriftleg informert om bruk av spesifisert underleverandør.

### 4. FORSIKRINGER

SunnLab er berre ansvarleg for å teikne nødvendig forsikring i forbindelse med utføring av sin del av oppdraget.

### 5. IMMATERIELLE RETTIGHETER

Alle prøve- og analyseresultat som er framkome ved og er et resultat av utføringa av Oppdraget tilhøyrar Oppdragsgivar kva enten disse er ferdigstilt av Oppdragstakar eller Oppdragstakar sin underleverandørar. Oppdragstakar eiger all erfaring og fagleg innsikt som er ervervet gjennom utføringa av Oppdraget. Andre immaterielle rettigheter, herunder åndsverk, design, patenterbare tekniske løysningar, forretningshemmelegheiter og annet som Oppdragstakar sjølv utviklar ved utføringa av Oppdraget er Oppdragstakar sin eigendom.

### 6. TAUSHETSPLIKT

All informasjon som SunnLab mottek frå oppdragsgjevar i forbindelse med oppdraget eller som oppdragsgjevar angir som fortruleg, skal behandlast av SunnLab som fortruleg informasjon med mindre annet er avtalt, eller det viser seg at slik informasjon er offentleg kjent eller at SunnLab rettmessig mottar slik informasjon frå tredjepart. Konfidensialitet gjeld ikkje myndigheita dersom lova krev det. Oppdragsgjevar vil då bli informert skriftleg. Tilsvarande plikt kviler på oppdragsgjevar.

### 7. PUBLISERING

SunnLab vil ikkje utan skriftleg forhandssamtykke sende ut pressemeldingar, eller på annan måte kunngjere noko i forbindelse med tildeling av oppdrag

### 8. MISLIGHOLD

#### 8.1. Generelt

Begge parter forpliktar seg til å varsle den annan part dersom man forstår at man ikkje vil være i stand til å oppfylle sin del av kontrakten etter sitt innhald.

#### 8.2. Forseinkingar

Oppdragstakar skal varsle Oppdragsgjevar skriftleg dersom det er fare for forseinkingar opp mot avtalt framdriftsplan. Slikt varsel skal oppgi årsak til forsinkelsen, og estimere mogleg overskridingar av

---

Dokumentnamn	: Generelle betingelsar ved oppdrag	Dok.ID	: OSADM 020
		Rev.nr.	: 001
Revidert av	: Sølvi Sande	Rev. dato	: 02052024
Godkjent av	: Ingunn Loen Sunde	Side	3 av 4

---

eventuelle milepæl/er for Oppdraget. Oppdragstakar er berre ansvarleg for økonomisk tap som følge av forseinkingar som skuldast grov uaktsomheit på Oppdragstakars, eller nokon han svarer for, sin side. Oppdragstakars ansvar for tap som følge av forseinkingar er i alle tilfelle avgrensa til Oppdragsgjevars direkte økonomiske tap som følge av forsinkelsen. Oppdragstakar er ikkje erstatningsansvarleg for indirekte tap, eksempelvis konsekvenstap eller tap som skuldast følgjeskader. Oppdragstakars samla erstatningsansvar etter kontrakten er avgrensa til kr 5.000.000,-.

### 8.3. Reklamasjon

Reklamasjonar på oppdragets utføring skal rettes skriftleg til SunnLab innan rimeleg tid etter at mangelen ble eller burde blitt oppdaga, og seinast innan 30 dagar etter mottaking av det aktuelle resultatet eller Oppdraget.

### 8.4. Manglar

Det føreligg mangel ved oppdraget dersom arbeidet ikkje oppfyller kravet til vanlig god leveranse i bransjen, og mangelen skuldast forhold SunnLab svarer for.

### 8.5. Oppretting på manglar

Dersom det føreligg manglar ved arbeidet skal SunnLab få anledning til å rette opp mangelen. SunnLab plikter midlertidig ikkje å rette mangelen dersom det er praktisk vanskeleg eller medfører en uforholdsmessig stor kostnad. Dersom en mangel ikkje er mogleg å rette opp utan uforholdsmessig stor kostnad eller arbeid kan partane einast om et prisavslag. Oppdragstakar er berre ansvarleg for økonomisk tap som følge av manglar som skuldast grov uaktsomheit på Oppdragstakar, eller nokon han svarer for, si side. Oppdragstakar sitt ansvar for tap som følge av manglar er i alle tilfelle avgrensa til Oppdragsgjevars direkte økonomiske tap som følge av mangelen. Oppdragstakar er ikkje erstatningsansvarleg for indirekte tap, eksempelvis konsekvenstap eller tap som skuldast følgjeskader. Oppdragstakars samla erstatningsansvar etter kontrakten er avgrensa til kr 5.000.000,-.

### 8.6. Heving

Partane har rett til å heve avtalen ved vesentleg mislighald frå den andre parten si side.

### 8.7. Oppdragsgjevars mislighald

Dersom Oppdragsgjevar misligheld avtalen, har SunnLab rett til å stanse arbeidet inntil misleghaldet er rettest opp. SunnLab kan krevje erstatning for økonomiske tap som skuldast Oppdragsgjevars manglande eller feilaktige medverking til avtalen.

## 9. ANSVAR

Begge parter skal holde kvarandre skadesløyse mot eitkvart tap eller skade som påførast eige og eventuelle underleverandørar sin eigendom og personell under utføring av eller i forbindelse med Oppdraget. Dette gjelder uavhengig av ein kvar form for ansvar, grov uaktsomheit eller forsett på den annan parts side

## 10. FORCE MAJEURE

---

Dokumentnamn	: Generelle betingelsar ved oppdrag	Dok.ID	: OSADM 020
		Rev.nr.	: 001
Revidert av	: Sølvi Sande	Rev. dato	: 02052024
Godkjent av	: Ingunn Loen Sunde	Side	4 av 4

---

Ingen av partane har mislighaldt sine forpliktingar i henhold til denne kontrakten dersom utføringa av pliktene er blitt utsett eller forhindra på grunn av force majeure. Kvar av partane kan heve Kontrakten dersom force majeure-situasjonen varer utover 90 dagar.

## 11. KONFLIKTLØSNING

Partane skal innan rimeleg tid søke å løyse konflikt som måtte oppstå i forbindelse med eller som et resultat av denne kontrakten ved forhandlingar. Dersom dette ikkje lar seg gjere, skal eventuelle tvistar ha Rana tingrett som verneeting.